



Jarand, June, Tormod og Vegard trivst godt som rockemusikarar.

6 av deltakarane på Festidagen hadde valt Musikkverkstad. Dei heldt til i det flotte musikkrommet i kjellaren på Grendahuset i Herøysundet. Då vi besøkte gjengen, vart vi møtt med drønnande bass, skikkelege gitar-riff og presise trommer. Ansiktsuttrykka fortalde at ungdommane verkeleg hadde fått smaken på livet i eit rockeband.

Ansvarleg for gruppa, Jarle Bruntveit, fortalde at dei starta opp torsdag med 3 timars øving då og skulle ha ei liknande økt i dag. Med seg på instruktørsida hadde han Odd Åge Helvik, Øyvind Fonn, og i tillegg hadde Steffen Raudstein vore med torsdag.

Målet med gruppa var at deltakarane skulle få ein smakebit på å spela i rockeband, og instruktørane synst dei var lærevillige og flinke. Framgangen var tydeleg! - Vi håpar det skal resultere i at nokon av dei får lyst å fortsetje å spele, seier ein av instruktørane.



[Brørne Tørres og Harald trivest godt på tangentar og slagverk.](#)

Desse 6 var med på denne gruppa: Tørres Lekva, June Svellingen-Hammer, Jarand Jensen Eide, Harald Lekva, Tormod S. Vårdal og Vegard S. Vårdal.

Av: Thor Inge Døsland